

Fra: Hildegunn Furdal
Sendt: 1. september 2014 11:12
Til: 'n.schneider82@gmx.de'
Emne: 2014/2106 Disp plassering garasje

Hei.

Viser til telefonsamtale for litt sidan angående plassering av garasje nær kommunal veg, gnr. bnr. 240/101.

For å søkja om dispensasjon frå byggegrense nær kommunal veg, sender du inn eit eige brev der de skriv kvifor de ynskjer å søkja om dispensasjon frå avstandskrava til veg. I utgangspunktet er ikkje økonomiske belastningar gode nok grunnar til å få dispensasjon. Brevet kan du sende til meg på e-post eller i post til Kvinnherad kommune. Eg tek det vidare til vegansvarlege ved tekniske tenester. Ynskjer de å dokumentere meir enn allereie innsendt situasjonskart, er det berre å sende inn bilete eller anna.

Har de spørsmål angående dette med veg, ta kontakt med Sigbjørn Øye (53 48 32 47/915 31 482) eller Ivar Kåre Døssland (970 24 267). Ta kontakt med meg om noko er uklårt. Fint om du kan bekrefte at de har motteke mail.

Ha ein fin dag.

Med venleg helsing

Hildegunn Furdal
Samfunnsutviklar
Kvinnherad kommune
www.kvinnherad.kommune.no
[facebook.com/kvinnherad](https://www.facebook.com/kvinnherad)
Tlf.nr.: 53 48 33 24/906 784 29